



Hjelmås VVS AS
Torvhusmyrane 2
5913 EIKANGERVÅG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 17/632 - 18/33368

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:
06.11.2018

Svar på førespurnad om utsett frist for innsending av tilleggsdokumentasjon - gbnr 239/15 Eknes ytre

Kommunen viser til førespurnad om utsatt frist for innsending av tilleggsdokumentasjon journalført mottatt 02.01.2018.

Mottatt kopi av grunneigarerklæring er tilstrekkeleg for at kommunen kan handsama saka. Det er ikkje nødvendig å tinglysa denne for kommunen si handsaming, men vi tilrår tinglysing slik at rettane er sikra for framtida.

Vi avventar innsending av gjennomføringsplan. I den samanheng gjer vi merksam på at det berre er erklært ansvar for PRO. Dette er tilstrekkeleg for handsaming av søknaden då ansvarsrett for UTF skal liggja føre før arbeidet kan setjast i gang og difor kan sendast inn på eit seinare tidspunkt. Då ansvarleg søker har opplyst at tiltaket er gjennomført, jf. skriv frå Hjelmås VVS AS journalført mottatt 31.10.2018, bør det også sendast inn erklæring om ansvarsrett for UTF før søknaden vert tatt til handsaming.

Ny frist for innsending av tilleggsdokumentasjon vert sett til 01.12.2018.
Det kan ikkje påreknast ytterlegare fristutsetjing. Saka vert tatt til handsaming når fristen er ute.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.



Mottakarar:

Hjelmås VVS AS
Therese Visted

Torvhusmyrane 2 5913
Øyjordslien 7 5038

EIKANGERVÅG
BERGEN